

Den kulturelle skulesekken i Måløy

Versjon 30.08.2023

Kinn kommune

Skulane i Måløy

Innleiing:

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som har som mål at alle skuleelevar i Noreg får oppleve profesjonell kunst og kultur kvart år. Overordna er DKS eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå.

For Kinn kommune er det Vestland fylkeskommune som kvar år løyver eit tilskot basert på mellom anna elevtal og tal på skular, men og kvalitativt på innhaldet i kommunen sin DKS-plan.

Kulturtilbodet elevane får skal vere av høg kvalitet og vise heile breidda i dei seks kulturuttrykka: film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst. Gratis kulturtilbod i skulen skal vege opp for geografisk ulikskap i tilbod, og for ulikskap i kulturopplevingar med bakgrunn i den kulturelle, sosiale og økonomiske bakgrunnen til elevane.

Den kulturelle skulesekken famnar om alle elevane i grunnskulen. I tillegg kjem det og tilbod i regi av fylkeskommunen fordelt utover i turnear i fylket.

Oversikt over fast program i lokal plan for skulane i Måløy-området:

Klassetrinn	DKS tilbod	Tema / mål	Ansvar / koordinering
4.klasse	Forfattarbesøk	Møte ein forfattar og få innblikk i korleis ein forfattar arbeidar	Skavøypoll skule
5. klasse vår	Byvandring / bygdevandring Fiskerimuseet	Lokal krigs- og fiskerihistorie	Kvar skule avtalar eige besøk.
5. klasse haust	Skulemuseum Raudeberg	Skulen i «gamle dagar», elevane får prøve korleis det var å vere elev før.	Skram skule
6. klasse	Selje kloster	Bli kjent med klosterlivet på Selja og historia om Sta. Sunniva.	Skavøypoll skule
7. klasse	Hagevik tønnefabrikk	Lære om «bødkerfaget» og få eit historisk tilbakeblikk på sildeåra.	Raudeberg Skule
9. klasse	Måløyraidsenteret (alt. Tongane kystfort)	Lokal krigshistorie	Vågsøy ungdomsskule
10. klasse	Ivar Aasen-tunet	Verte kjend med nynorsk	Vågsøy ungdomsskule

		skriftkultur og Ivar Aasen	
--	--	-------------------------------	--

Programmet i Måløy-området har vert fast i fleire år. Programmet legg hovudvekt på lokal historie og kulturarv, og litteratur for trinn i både barneskule og ungdomsskule. Turnear frå fylkeskommunen er ofte innslag av scenekunst og/eller musikk. Film har ikkje vore prioritert, då ein meiner at det er det kulturuttrykket elevane oftast opplever utanom tilbodet i Den kulturelle skulesekken.

Organisering:

Den lokale kulturelle skulesekken i Måløy-området er eit samarbeid mellom kulturavdelinga og grunnskulane i distriktet. Kultur og fritid har ei koordinerande rolle, og ansvar for oppfølging av økonomi og rapportering til fylkeskommunen for heile Kinn kommune. Skulane er ansvarleg for å koordinere den praktiske gjennomføringa av opplegget og tilrettelegge for deltaking og transport for sine elevar. Kvar skule har ei kulturkontakt som har ansvar for oppfølging frå skulen si side. Oversikt over kulturkontaktar og rektorar ved skulane finn de til slutt i dokumentet.

Samarbeid med skulane gjer tilbodet relevant i skulekvardagen og gjev skulane anledning til å styre tilbod i samband med t.d. mål i læreplanen. Tett samarbeid med skulane gjev òg moglegheiter til å få konkret tilbakemelding i etterkant av arrangement frå lærarar og elevar som har delteke på dei ulike arrangementa, slik at dette informerer vidare arbeid med programmet.

Koordinator på kultur og fritid og dei fire kulturkontaktene i Måløy-området har møte minst ein gong i året – januar. I tillegg har ein tidvis hatt møte etter skulestart i august med ei oppdatering på gjennomført og ventande program.

Kulturkontaktene har anledning til å be om endringar i program, om dette gjeld barneskulane må ein komme til einigheit skulane imellom om eventuell endring og alternativ. Programmet som er no har vert stabilt over fleire år og er godt innarbeid i skuleåret.

Skulane og kultur og fritid har eit gjensidig ansvar for oppfølging av planen.

Tiltak i lokalplan Måløy-området:

Korleis tiltaka kan sjåast opp mot læreplan kjem godt fram i lokalplan frå Florø.

Forfattarbesøk 4. klasse

Den kulturelle skulesekken seier følgjande om litteratur i DKS:

I dette møtet ligger muligheten til å skape både engasjement og en nysgjerrighet som forhåpentligvis får eleven til å ville fortsette inn i boka. I boka kan man finne identitet og tilhørighet, man kan søke trøst og man kan flykte. Gjennom litteraturen får man avkreftet og bekreftet – både seg selv og andre. Den skal utvide horisonter og gi barn og ungdom noe de kanskje ikke visste at de trengte. Der ligger kraften i god litteratur og god litteraturformidling.

I DKS Måløy får 4. klasse kvart år besøk av ein forfattar. Forfattaren snakkar om bøkene sine og fortel om det å vere forfattar / skrive. Forfattarbesøk er vanlegvis lagt til januar / februar. Det er ønskjeleg med nynorskforfattarar, men ikkje eit krav.

I tillegg til forfattarbesøk er alle elevar i 2. klasse innom biblioteket for å verte kjent med tilbodet og få sitt eige lånekort. Dette er ikkje del av DKS.

Fleire av barneskulane i Måløy-området er med i «Kinn les» kampanjen og kan i samband med den komme på klassebesøk på biblioteket og bestille bokkasser til klasserommet.

I 10. klasse reiser elevane til Ivar Aasen-tunet kvar vår. Kulturkontaktene ordnar transport og avtalar dato med senteret, under besøket følgjer dei opplegg i regi av Ivar Aasen-tunet. Opplegget på Ivar Aasen-senteret fokuserer på den nynorske kulturarven. Kinn kommune er ein nynorskkommune.

Kulturarv

Det andre hovudpunktet i DKS Måløy er kulturarv. Dei fleste faste postane i DKS-programmet i Måløy høyrer til dette punktet.

Den kulturelle skulesekken seier følgjende om litteratur i DKS:

“Kulturarv i DKS rommer mange fagområder og emner. Det omfatter eksempelvis fortellerkunst, tradisjonshåndverk og kulturminner, industriarv og minoriteters kulturarv. Immaterielle og kulturelle kulturarv er sidestilt i DKS-sammenheng.”

I 5. klasse har elevane byvandring, og besøk hos det lokale fiskerimuseet og skulemuseet. Byvandring er eit delt program der elevane frå Raudeberg har eiga bygdevandring på våren med sykkel på Raudberg, der dei får høyre om den lokalhistorie frå ulike plassar i bygda. Elevane ved Skavøypoll og Skram skule har byvandring i Måløy sentrum der det mellom anna er lagt vekt på krigshistorie. Alle klassene besøkjer skulemuseet på Raudeberg. Der får dei mellom anna vere med inn i eit gamaldags klasserom og høyre om korleis det var å gå på skule for tidlegare generasjonar. Gjenstandane på museet er frå nærområdet og ein del av den lokale historia.

Fiskerimuseet ligg på lekteren i Måløy sentrum og besøk der har dei siste åra vore sporadisk. Det er eit tilbod klassane kan nytte seg av, og det har vore mest brukt i samband med byvandring for skulane som besøkjer Måløy sentrum.

I 6. klasse besøkjer elevane Selje kloster. Dette er eit felles program der klassane frå alle barneskulane dreg til Selje same dag. På øya er det guida omvising om historia til klosteret.

I 7. klasse besøkjer elevane Hagevik tønnefabrikk. Tønnefabrikken er eit verna kulturminne, og fortel ein viktig del av fiskerihistoria i distriktet. Utstyr og maskineri ved fabrikk er vareteke, og elevane får demonstrasjonar i bruk av utstyret og føredrag om historia til fabrikk.

I 9. klasse besøkjer elevane Måløyraidsenteret. Der får dei ei guida omvising. Alternativt program om ein ikkje reiser til Måløyraidsenteret har vore Tongane kystfort. Dette alternativet har ikkje vore brukt dei seinare åra.

Kulturkontaktar på skulane i Vågsøy 2023 – 2024

Raudeberg skule – Gro Helen Haugen gro.haugen@kinn.kommune.no

Skavøypoll skule – Randi Almenning Oldeide randi.oldeide@kinn.kommune.no

Skram skole – Marit Gangsø Sørpoll marit.sorpoll@kinn.kommune.no

Vågsøy ungdomsskule – Torill Furnes Myhre torill.myhre@kinn.kommune.no

Rektor på skulane i Vågsøy 2023 - 2024

Raudeberg skule – Annelin Refvik annelin.refvik@kinn.kommune.no

Skavøypoll skule – Viviann Midtbø viviann.midtbo@kinn.kommune.no

Skram skole – Jens Frode Vågen jens.vagen@kinn.kommune.no

Vågsøy ungdomsskule – Kåre Bakke kare.bakke@kinn.kommune.no